


SYKKYLVEN KOMMUNE KONTROLLUTVALET



Kopi til: ordføreren, kommunedirektøren og revisjon.

Medlemmane av kontrollutvalet

Onsdag, 19. mai 2021 kl. 14.00, møterom Megardsdalen i bankbygget.

SAKLISTE

- Sak 10/21 Godkjenning av møteboka frå møte 7. april 2021
- Sak 11/21 Rapport etter revisjon 2020 ved oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram
- Sak 12/21 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2020

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Leonhard Vårdal
leiar
(sign.)



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 10/21

Møtedato: 19.mai 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 7. APRIL 2021

KONTROLLUTVALET I SYKKYLVEN KOMMUNE

Møtedato: 07.04.2021, kl.14.00

Møtestad: Sparebankbygget, Pilgata 10/ fjernmøte i Teams

Møtet vart leia av: Leonhard Vårdal

Elles til stades: Petter Hole-Drabløs, Grethe Melseth, Kjellaug Roald og Målfinn Aanning.

Kontrollutvalet var samla i Pilgata 10. Petter Hole Drabløs deltok via Teams.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og rådgjevar Solveig Kvamme via Teams.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram via Teams.

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Geir Ove Vegsund og einingsleiar Synnøve Hunnes via Teams.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista vart godkjend.

Einingsleiar fellestenester Synnøve Hunnes ga kontrollutvalet ei orientering kring arbeidet med internkontroll i Sykkylven kommune i slutten av møtet. Ho fortalde nærare om avvik systemet «Risk manager» og korleis leiarane handsama avvika. Vidare fokuserte ho på korleis leiinga handterer prosedyrar og andre tiltak for intern kontroll. Utvalet sine medlemmar fekk høve til å stille spørsmål og diskutere nærare presentasjonen.



Sykkylven kontrollutval

Saksgang: kontrollutvalet

Saks nr.: 07/21

Møtedato: 7. april 2021

Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 2. MARS 2021

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 30. mars 2021.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå 2. mars 2021.

Sykkylven kontrollutval

Saksgang: kontrollutvalet

Saks nr.: 08/21

Møtedato: 7. april 2021

Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal



MELDINGAR

Melding nr. 1 Oppdatert prosjektplass for forvaltningsrevisjon frå Møre og Romsdal
Revisjon SA

Melding nr. 2 Oppdatering om FKT (forum for kontroll og tilsyn) sin fagkonferanse i
Ålesund 1. og 2. juni 2021.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 30. mars 2021.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 09/21

Møtedato: 7. april 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

BUDSJETTAVVIK OG OPPLYSNINGAR I ÅRSMELDINGA VED OPPDRAKSANSVARLEG REVISOR KATHRIN HARAM

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 30. mars 2021.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Møtet var slutt kl. 15.05

Leonhard Vårdal
Leiar
(sign.)

Petter Hole-Drabløs
nestleiar
(sign.)

Målfinn Aanning
medlem
(sign.)

Grethe Melset
medlem
(sign.)

Kjellaug Roald
medlem
(sign.)



RAPPORT ETTER REVISJON 2020

Vedlegg: Rapport etter revisjon 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at:

- a) årsrekneskapane til kommunen blir reviderte på ein tryggande måte.
- b) rekneskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og instruksane frå kontrollutvalet og avtaler med revisor.
- c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisoren sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgd opp.

Viss påpeikingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportera det til kommunestyret. Kontrollutvalet skal, jf. kommunelova § 14-3, 3.ledd uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak. Dette kjem i eige sak. Denne saka er ei oppsummering av det arbeidet som er gjort i høve revisjonsarbeidet 2020.

Vurdering:

Revisjonen har no avslutta revisjonen sin av årsrekneskapen til Sykkylven kommune for regnskapsåret 2020. Revisjonen har gjeven revisjonsberetning datert 07.04.2021 utan atterhald.

Revisjonen har gjennom revisjonsarbeidet sitt likevel observert betringsforhold, men som ikkje gir grunn til å ta atterhald i revisjonsberetninga. Revisjonen vil i møtet 19. mai 2021 orientera om utført revisjonsarbeid og summara opp betringspunkt og merknader.

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten etter revisjon 2020 til vitande.

RAPPORT ETTER ÅRSOPPGJØRET 2020

SYKKYLVEN KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 19.05.2021

Innledning

2

- ▶ Revisjonen av Sykkylven kommunes årsoppgjør for 2020 ble avsluttet den 8. april 2021, og revisjonsberetningen ble utstedt samme dato.
- ▶ Uavhengig revisors beretning for 2020 er en «normalberetning», som innebærer at revisjonen ikke har avdekket og påvist vesentlige feil og mangler i kommunens rapportering.
- ▶ Selv om vi i 2020 avgir en normalberetning, er det enkelte forhold vi anser som forbedringsområder for kommunen. Denne informasjonen kan være hensiktsmessig informasjon for kontrollutvalget, og formidles i denne rapporten.

Økonomisk oversikt per 31.12

3

- ▶ Kort om den økonomiske situasjonen for kommunen per 31.12.

Sykkylven kommune	Tall pr 31.12.2020	Tall pr 31.12.2019	Tall pr 31.12.2018
Driftsinntekter	468 229 307	454 272 814	441 842 250
Netto driftsresultat	-4 192 694 -	1 860 826	1 465 686
Disposisjonsfond	18 076 093 3,86 %	15 650 309 3,45 %	19 636 556 4,44 %

Om årsoppgjøret

4

- ▶ Bakteppe for årsoppgjøret 2020: Koronapandemien, ny kommunelov og nye oppstillingsplaner
- ▶ Sykkylven kommune har gjort en formidabel innsats for å komme i mål med regnskapet for 2020.
- ▶ Administrasjonen har generelt god oversikt og kjennskap til lover og regler, i tillegg til mye erfaring.
- ▶ Regnskap og årsmelding var levert før fristen
- ▶ Revisjonen opplever godt samarbeid og konstruktiv dialog med administrasjonen i Sykkylven kommune.

Oppsummerte forhold etter årsoppgjøret

- ▶ Observasjoner og funn:
 - ▶ Budsjettendringssaker: Anbefaling å legge ved obligatorisk oppstillingsplan som viser tråden i budsjettendringen.
 - ▶ Ikke nummerering av noter og henvisninger fra regnskapsposter i regnskapsoppstillingene for 2020. Anbefaler å implementere dette fra regnskapet 2021.
 - ▶ Vesentlige budsjettavvik og vesentlig avvik i premisser for bevilgningene er hensyntatt i kommunens årsmelding. Lite premisser i opprinnelig budsjett, går mest på om vesentlige investeringsprosjekter er ferdigstilt.
 - ▶ Fra og med 2021 vil alle vesentlige budsjettavvik framgå av § 5-4 2. ledd, og brukere av regnskapet vil lettere se sammenheng opp mot forklaringer i årsmeldingen.

Forenklet etterlevelseskontroll av budsjettavvik

Uttalelse om budsjettavvik er en egen del i revisjonsberetningen.

Vi avgir en normal uttalelse (moderat sikkerhet) om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik:

«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.»

Avslutning

7

Vi ønsker å takke administrasjonen ved Sykkylven kommune for samarbeidet, og håper at temaer som omtales i revisjonsrapporten oppfattes som konstruktive innspill i forhold til kommunens løpende arbeid med forbedring av interne kontrollrutiner, regnskapsførsel og dokumentasjon av regnskapsinformasjon.

Vi ønsker også å takke kontrollutvalget/sekretariatet for god og konstruktiv dialog.



UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN OG ÅRSMELDINGA FOR 2020 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Vedlegg:

1. Revisjonsberetning frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 7. april 2020
2. Årsrekneskap 2020 Sykkylven kommune (eige pdf vedlegg)
3. Årsmelding 2020 Sykkylven kommune (eige pdf vedlegg)
4. Notar til årsrekneskap 2020 (eige pdf vedlegg)

Bakgrunn

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvalta utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Ny kommunelov forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak, jf. kommunelova si § 14-3.

Ny kommunelov har ein presisering om at kontrollutvalet sin uttale også skal handla om årsmeldinga. Tidlegare tok kontrollutvalet årsmeldinga berre til vitande.

Vurdering

Kontrollutvalet skal 19. mai 2021 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 for Sykkylven kommune som er lagt fram av kommunedirektør den 20. februar 2021, og dessutan tilhøyrande revisjonsberetning datert 7. april 2021.

Kommunen har i 2020 eit netto driftsresultat på minus 4 192 694,28 kr. Revisor har i revisjonsberetninga ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsberetning skal innehalda. Verken kommunelova eller kontrollutvalsforskrifta stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsberetninga og tilhøyrande revisjonsberetning. Vi vil likevel sjå nærare på finansielle måltal og budsjettavvik.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, kommunedirektøren si årsmelding og revisjonsberetninga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

Kommunedirektøren si årsmelding

Årsmeldinga skal mellom anna omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse varetar den økonomiske handleevna over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal innehalda vurdering av :

- kommunen sin måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg tyding for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling.
- kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gir tilfredsstillande opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i sin revisjonsberetning at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Finansielle måltal (nytt frå 2020)

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å vareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av kommuneøkonomien, og vil normalt omtale utviklinga av finansielle måltal i årsberetning, jf. kommunelova § 14-7 punkt a). I årsmeldinga 2020 for Sykkylven kommune finn oss desse måltala nærare kommentert på side 11.

Budsjettavvik (nytt frå 2020)

Kontrollutvalet har i arbeidet sitt med førebuing til uttale om årsrekneskap og årsmelding 2020 fått kunnskap om dei nye krava som blir stilte til kommunedirektøren om å gjere greie for moglege budsjettavvik. Dette er òg omtalt i sjølve årsmeldinga og i revisjonen sin beretning på side 3. Her gjer revisjonen greie for det ansvaret som ligg i å forklara både beløpsmessige avvik og premissane for dette. Dette er omtalt i årsmeldinga til kommunen på sidene 16 til 22.

I revisor sin konklusjon går det fram at det er tilstrekkeleg gjort greie for vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Konklusjon

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmeldinga for 2020 blir godkjent slik den ligg føre.

Dette bygger på ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året. Kontrollutvalet har fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll, interimrevisjon og unummererte forhold. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Revisjonsberetninga er ei normalberetning gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen sin rapportering.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jfr kommunelova § 14-3

Tilråding til vedtak

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2020 for Sykkylven kommune.

Til kommunestyret i Sykkylven Kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven Kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 4 192 694 (underskudd).

Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er Sykkylven kommune sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av anna informasjon i kommunens årsrapport, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese den ytterlegare informasjonen, for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver vert det vist til: www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Sykkylven kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

For vidare framstilling av kommunedirektørens ansvar og revisor sine oppgåver ved uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik vert det vist til: www.nkrf.no/revisjonsberetninger.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei uttale om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Kontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Ålesund, 07.04.2021

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor